

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi OLAV, Noregs Konge,

gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har vori med på den 16. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane og i ei rad andre mellomfolkelege konferansar og møte.

Avdelingar frå Hæren på om lag 600 mann gjer teneste i dei vaktstyrkane Dei sameinte nasjonane har i Midaustlanda. I Kongo er det no i alt om lag 150 mann frå Forsvaret med oppdrag for Dei sameinte nasjonane.

Noreg har ratifisert ein samarbeidsavtale mellom Danmark, Finland, Island, Noreg og Sverige. Avtalen tok til å gjelde 1. juli.

Noreg har gjort opptaket til tingingar med medlemslanda i Det Europeiske Økonomiske Fellesskapet med sikte på å klarleggje vilkåra for norsk tilslutning til Fellesskapet.

For å betre vilkåra for norsk eksport har Noreg innanfor ramma av Generalavtalen om tolltariffar og handel (GATT) gjort avtalar med Sambandsstatane, Cambodia, India, Israel og Nigeria om gjensidige tollreduksjonar.

Den 6. juni vart det gjort ein avtale mellom Noreg, Storbritannia, Nederland, Japan og Sovjetunionen om fordeling av kvalfangstkvoten i Antarktis.

Noreg har slutta seg til Komitéen for utviklingshjelp (DAC) under Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD).

Noreg har ratifisert Den internasjonale kveitekornavtalen.

Etter tingingar i Oslo og Moskva vart det 16. april gjort ein fiskeriavtale mellom Noreg og Sovjetunionen.

Nyordninga av kommandotilhøva i den øvste militære leiinga i Forsvaret er sett i verk og gjennomføringa av den nye organisasjonen og av kommandotilhøva i Luftforsvaret er påbyrja. Det vert skipa eit sams hovudkvarter i Nord-Noreg.

Folkemengda var 3 650 000 pr. 1. oktober 1962, dvs. ikkje fullt 1 prosent større enn på same tid i fjor.

Arbeidsmarknaden har hittil i år vori svært stram, og i ei rad industrigreiner, i byggjeverksemd, sjøfart og tenestenæringar har det ikkje vori mogleg å dekkje behovet for arbeidskraft. Talet på sysselsette lønstakarar auka med om lag 16 000 frå dei 7 første månadene i 1961 til same tidsrom i 1962. Talet på arbeidslause har vori lågt. Ved utgangen av august var det meldt 6 100 arbeidslause, 1 500 fleire enn på same tid i fjor.

Den samla produksjonen av varer og tenester i år vil bli om lag 4 prosent større enn i fjor, så langt ein på dette tidspunkt kan vurdere utviklinga.

Oppgåvene over varebyttet med utlandet viser at verdet av innførsla utanom skip i dei 8 første månadene kom opp i om lag 6,7 milliardar kr., eller 500 mill. kr. meir enn i same tidsrom i fjor. Verdet av vareutførsla utanom skip var vel 4,3 milliardar kr., eller vel 200 mill. kr. meir enn i dei same månadene i fjor. Både for innførsla og utførsla steig varemengda, medan prisane gjekk noko ned. Nettoinnførsla av skip gjekk ned med 600 mill. kr.

I dei 7 første månadene var netto-valuta-inntektene av norske skip i utanriksfart 1 870 mill. kr., eller 40 mill. kr. større enn i same tida i fjor. Underskottet på driftsrekneskapen med utlandet var på 910 mill. kr., dvs. 290 mill. kr. mindre enn i dei 7 første månadene i fjor. Netto-valutamengda gjekk i same tidsrommet ned med 471 mill. kr.

I jordbruket vart årsvoksteren sterkt seinka, og vonene for hausten er dårlege for mange av åker- og hage-vokstrane. Høyavlingane vart om lag medels. Husdyrproduksjonen i 1962 vil venteleg bli noko større enn året før for alle viktigare produkt.

I skogbruket vart det i hogsttida 1961—62 etter førebels overslag avverka om lag 7,0 mill. kbm bartretømmer og om lag 350 000 kbm lauvtretømmer. Dette er om lag 300 000 kbm bartretømmer mindre og 125 000 kbm lauvtretømmer meir enn i same tid i 1960—61.

Fisket gav i første halvår 1962 ein totalfangst på om lag 439 000 tonn mot 728 000 tonn i same tidsrom i fjor. Den store tilbakegangen frå i fjor har si viktigaste årsak i eit heilt mislykka loddefiske som gav berre 110 tonn mot 217 000 i 1961. Fisket etter skrei, loddetorsk og feitsild og småsild gjekk òg tilbake. Ved utgangen av august var det fiska meir islandssild enn rekordkvantumet i fjor. Til den tid hadde òg fisket etter sei, augepål, tobis og størje gjevi betre fangstar enn i 1961.

Kvalfangsten i Antarktis gav i fangstbolken 1961—62 eit mykje mindre utbyte enn i førre fangstbolken. Produksjonen av kval- og spermolje gjekk ned med om lag 23 prosent.

I bergverk, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei første 7 månadene 4,5 prosent større enn i same tidsrom i fjor. Jamført med 1961 var produksjonsauken størst i heimeindustrien med 5,5 prosent. For utførsleindustrien var stigninga vel 1 prosent. I heimeindustrien har konsumvareindustrien vist noko større stigning enn investeringsvareindustrien. I utførsleindustrien var auken størst for malmgruvane og aluminiumsverka, medan det var sterk produksjonsnedgang for treforedlingsindustrien, sildolje- og fiskemjølfabrikane, ferrolegeringsverka og råmetallverka bortsett frå aluminiumsverka. Elektrisitetsproduksjonen var i dei 7 første månadene 13 prosent større enn i same tid i fjor.

Byggjeverksemda har vori noko større enn i 1961. I dei 7 første månadene vart det sett i gang bygging av like mange husvære som i same tidsrommet året før. I alt var mengda av igangsette bygg 2 prosent større enn i fjor. Det vart teki i bruk bygg med ei golvflate som i alt var 8 prosent større enn året før. Talet på ferdigbygde husvære var 15 400, eller vel 600 fleire enn i første halvår 1961. I anleggsværksemda var sysselsetjinga i dei 7 første månadene av året jamt over 1 prosent høgre enn i same tidsrommet i fjor.

Handelsflåten auka med 0,3 mill. bruttotonn i første halvår 1962, og var pr. 30. juni på 12 mill. bruttotonn. Størstedelen av tilgangen var tørrlasttonnasje. Pr. 30. juni var det under bygging eller tinga for norsk rekning skip på i alt 4 mill. bruttotonn, dvs. litt meir enn på same tid året før. Fraktene på verdsmarknaden heldt seg i første halvår 1962 på om lag det same låge nivået som i dei fire siste åra. Jamført med siste året gjekk

dei i første halvår 1962 noko ned for tørrlastskip, men vart noko betre for tankskip. Pr. 31. august låg det norske skip på i alt 400 000 bruttotonn i opplag, for det meste tankskip.

Den innanlandske samferdsla har stort sett auka i år òg. Talet på første-gongsregistrerte bilar var 43 100 i tida januar—juli mot 47 100 i tilsvarende tid i fjor. Ved utgangen av 1961 var talet på bilar om lag 396 000. Lengda på det offentlege vegnettet var om lag 52 700 km. Jernbanestrekninga Fauske—Bodø vart opna for vanleg drift 1. februar. Drifta på Setesdalsbana vart stogga 1. september. Nettotilgangen på telefonapparat ved anlegga til Telegrafverket var 32 500 i tida 1. juli 1961 til 30. juni 1962 mot 29 500 i perioden før. I desse tala er ikkje medrekna apparat som er tekne over ved tilknytningsnett og frå private selskap.

Talet på flypassasjerar innanlands steig i første halvår med 18 prosent jamført med same tidsrommet i 1961, medan talet på jernbanepassasjerar har gått noko ned. Godstrafikken med jernbane har haldi seg på same nivået som i fjor.

Konsumprisindeksen låg jamt over for dei 8 første månadene 5,5 prosent høgre enn i same tid i fjor. Indekstalet for august var 6 prosent høgre enn i same månad i 1961. Engrosprisindeksen låg i same tidsrommet jamt over 2 prosent høgre enn i tilsvarende tidsrom i fjor.

Når det gjeldt utviklinga i dei private inntektene, har ein enno lite å halde seg til. Førebels utrekningar tyder på at dei samla lønstakar-inntektene før skattlegging auka med ikring 12 prosent frå første halvår 1961 til første halvår 1962. Så vidt ein no kan dømme, vil den realinntekta som forbrukarane i alt rår over, bli 3—4 prosent større enn i fjor.

Det private forbruket i første halvår ser etter førebels oppgåver ut til å ha

vori nesten 4 prosent større enn i same tidsrom i fjor. Ser ein bort frå kjøp av private motorkeyrety, auka forbruket vel 4 prosent.

Bruttoinvesteringa i fast kapital har i år vori større enn i 1961. Investeringane i skip gjekk ned med om lag 7 prosent frå første halvår i fjor til same tid i år, medan investeringane i anna transportmateriell, maskinar og utstyr auka med 12 prosent.

Kredittpolitikken har i år òg bygd på avtalar med finansinstitusjonane om kredittytting og kjøp av stats- og statsgaranterte obligasjonar. Dessutan vart det i sommar gjevi særskilde retningsliner til finansinstitusjonane for låneopptak i utlandet. Auken i utlånet frå bankane til næringslivet var i dei 7 første månadene nesten 200 mill. kr. mindre enn i same tid i fjor. Livstrygdelaga har auka utlåna sine sterkare enn vanleg.

Finanspolitikken har stort sett følgt dei same retningslinene som i 1961. Men det har vori mindre likviditetsinndraging frå bankar og publikum i dei 7 første månadene i år enn i same tidsrom i fjor. I denne tida tok staten opp nye innanlandske ihendehavarobligasjonslån for godt og vel 300 mill. kr., mot vel 400 mill. kr. i fjor.

Kommunane står seg framleis bra, og låneopptaka ligg stort sett på same nivå som i fjor. For budsjettåret 1963 er det gjevi tilsegn om tilskott for 140 mill. kr. til skatteutjamning mellom kommunane. Av dei er 30 mill. kr. fordelte særskilt som tilskott til vegutgiftene i landdistrikta.

Alkoholforbruket var i 1961 3,6 liter rein alkohol på kvar innbyggjar over 15 år mot 3,45 liter i 1960. Talet på drukken-skapsmisferder var i fjor 31 931. Det er 5,6 prosent lågare enn året før og det lågaste talet etter krigen. Pr. 1000 innbyggjarar blir det 11,9 misferder.

Ytingane etter lov om alderstrygd og lov om uføretrygd er auka med verknad frå 1. april.

Ei ny lov om pensjonsskipnad for sjukepleiarar er gjennomført frå 1. juli.

Det har i året ikkje vori nokon alvorlege farangar av farlege smittsame sjukdomar. Ulykker spelar ei stendig større rolle som dødsårsak, særleg mellom born. Talet på dødsfall i spedbarn-alderen går framleis nedover, særleg i Nord-Noreg. For tida har Noreg den høgste levealderen i verda.

Det er i år teki i bruk om lag 500 nye sengeplassar i vanlege sjukehus. Talet på nye plassar i sinnssjukehus har auka med om lag 350 og i åndsveikeheimar med 400.

I kyrkja er det no 1004 prestestillingar. Det er i år gjevi løyve til å byggje 6 kyrkjer og kapell.

Elevtalet i folkeskolen og i framhaldsskolen har vori om lag 484 000. I 57 kommunar var det 9-årig skole. Elevtalet på ungdomsskolesteget var 12 700. I sommar har 288 elevar teki avgangsprøve, 129 frå allmennteoretisk line og 159 frå allmennpraktisk line. $\frac{1}{4}$ har følgt ei undervisning som gir grunnlag for å halde fram i gymnas. Førebuing til 9-årig skole er ført langt fram i ei rekkje kommunar. I samsvar med lov om folkeskolen er det oppnemnt eit råd, Folkeskolerådet, til hjelp for departementet i spørsmål som gjeld folkeskolen.

I spesialskolane var elevtalet 2 439 i 1961—62. I vår tok skolen for elevar med språk- og talevanskar i bruk eigne lokale på Elton i Vestre Toten. Frå i haust er det kommi i gang 2 nye eksternatskolar for evneveike born.

Elevtalet i folkehøgskolen var om lag 6 800.

I realskole og gymnas var det vel 100 000 elevar i 1961—62, av desse nærare 30 000 i gymnas. Ved handelsgymnas var elevtalet 2 648. I år var det om lag 18 000 som gjekk opp til realskoleeksamen, til examen artium 8 227, til eksamen ved økonomisk gymnas 824.

I dei vanlege lærarskolane er elevtalet 4 700. I vår uteksaminerte desse skolane 1 460 lærarar. Ved faglærarskolane har elevtalet no kommi opp i om lag 620.

Utbygginga av yrkesskolane held fram i samsvar med utbyggingsplanen for tida fram til 1965. Elevtalet ved dei ordinære kurs i verkstadskolane var om lag 9 800.

I dei tekniske skolane var det 1 342 elevar. Arbeidet med å reise tekniske skolar i Gjøvik, Ålesund og Sarpsborg er i gang. Vaksenopplæringa er i utvikling. Det er reist to særskilde bygg for slik undervisning — eitt i Telemark og eitt i Sør-Trøndelag. I alt var det om lag 3 400 som fekk opplæring på kurs for vaksen arbeidskraft i 1961—62.

I husmorskolane var det om lag 3 700 elevar.

Frå i haust er det i gang 36 lærlingskolar for handel og kontorarbeid med om lag 4 500 elevar.

I haust vart det opna ein ny sosialskole i Trondheim.

Studenttalet ved universiteta og høgskolane auka siste året med 1 000 til om lag 10 800.

Ved Universitetet i Oslo er første delen av nybygget for Det historisk-filosofiske fakultet teki i bruk, og det andre byggsteget er under oppføring. Idrettsbygget ved Velferds-sentret er ferdig, og arbeidet med administrasjonsbygget, som mellombels også skal nyttast til undervisningsføremål, er sett i gang. I Bergen er nybygget for Odontologisk institutt ferdig, og det første kullet tannlegestudentar er teki opp i haust.

Statens lånekasse for studerande ungdom hadde 1. juli i alt om lag 49 400 låntakarar. Lånesummen var 298 mill. kroner. Det er ein auke frå i fjor på 54 mill. kroner.

Fjernsynet har no ei sendetid på om lag 19 timar for veka. Sendingane dekkjer meste-

parten av Austlandet, områda kring Bergen og Trondheim og store delar av Rogaland og Aust-Agder.

Atterreisinga av Håkonshalla er fullført. Restaureringa av gamle hus på Røros og av Utstein kloster held fram. Det same gjeld arbeidet med å setje Eidsvollbygningen i stand til jubileet i 1964.

Det er teki i bruk 18 nye samfunnshus, 8 symjeanlegg og 35 utandørs idrettsanlegg.

12 ungdomsorganisasjonar har fått løyving til instruktørverksemd.

Stortingsvedtaket om ny stønadsordning og organisasjon for dei statsstødde teatra er sett i verk. Både Riksteatret og Den norske opera har auka talet på framsyningar.

Gjevi på Oslo slott 1. oktober 1962.

Under Vår hand og riksseglet

OLAV
(L. S.)

Einar Gerhardsen

Leif Østern
